

Kulturplan 2025 - 2035 Ålesund kommune - orientering om planen og medverknad - råda**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 24/5429
Journalpost: 24/81189

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
034/24	Eldrerådet	04.09.2024
034/24	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	04.09.2024
035/24	Ungdomsrådet	04.09.2024

035/24 - Ungdomsrådet

Ungdomsrådet tek saka til vitande.

Rådet gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Behandling:**Voting:**

Kommunedirektøren si innstilling samrøyste vedtatt.

034/24 - Eldrerådet**Innspel frå eldrerådet:**

Det blir i planprogrammet for kulturplan nemnd planar som skal utarbeidast i 2023-2026: handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, og plan for samarbeid med frivillege.

Desse er ikkje omtala i framlegget til ny planstrategi. Eldrerådet er oppteken av at desse ikkje må falle bort.

Når det gjeld medverknad i kulturplan: Eldrerådet vil gjerne delta i innspelsmøte rundt om. Vi trur at innspelsmøte i kvar kommunedel er svært viktig, her må både kommunedelutvala og lag/organisasjonar få vere med, og sjølvstilt alle som er engasjert i temaet. Desse møta må kome tidleg i arbeidet. Og dei bør kome før høyringa. Den tradisjonelle høyringa med skriftlege innspel er for så vidt greie dei, men fysiske møter i tidleg fase er ofte meir utviklande for planar.

Det vert nemnd reiseliv: dei bør vel og vere invitert til innspelsmøte. Eit anna felt som burde vere med i ein slik plan er kulturmiljø (tidlegare omtala som kulturminneplan). Og då er vi snublande nær landbruksnæringa også- som oftast er dei som held kulturlandskapet i hevd.

Eit konkret tiltak som vi burde vurdere er kulturmønstring. I dag har vi Ung kultur møtest (UKM) , kanskje kunne vi ta ideen frå Malvik kommune (2011) om eldres kulturmønstring? Kultur er folkehelse og gir livsglede både til tilskuar og utøvar - for alle aldrar. Her vil sjølvstøtta frivilligheita vere ei viktig brikke.

Eldrerådet foreslår følgjande til referansegruppa:

- Kari Grindvik, medlem
- Unni Kristin Wiik, vara

Behandling:

Forslag til innspel frå eldrerådet, fremma av, foreslått av Kari Grindvik , Venstre

Det blir i planprogrammet for kulturplan nemnd planar som skal utarbeidast i 2023-2026: handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, og plan for samarbeid med frivillige.

Desse er ikkje omtala i framlegget til ny planstrategi. Eldrerådet er oppteken av at desse ikkje må falle bort.

Når det gjeld medverknad i kulturplan: Eldrerådet vil gjerne delta i innspelsmøte rundt om. Vi trur at innspelsmøte i kvar kommunedel er svært viktig, her må både kommunedelutvala og lag/organisasjonar få vere med, og sjølvstøtta alle som er engasjert i temaet. Desse møta må kome tidleg i arbeidet. Og dei bør kome før høyringa. Den tradisjonelle høyringa med skriftlege innspel er for så vidt greie dei, men fysiske møter i tidleg fase er ofte meir utviklande for planar.

Det vert nemnd reiseliv: dei bør vel og vere invitert til innspelsmøte. Eit anna felt som burde vere med i ein slik plan er kulturmiljø (tidlegare omtala som kulturminneplan). Og då er vi snublande nær landbruksnæringa også- som oftast er dei som held kulturlandskapet i hevd.

Eit konkret tiltak som vi burde vurdere er kulturmønstring. I dag har vi Ung kultur møtest (UKM) , kanskje kunne vi ta ideen frå Malvik kommune (2011) om eldres kulturmønstring? Kultur er folkehelse og gir livsglede både til tilskuar og utøvar - for alle aldrar. Her vil sjølvstøtta frivilligheita vere ei viktig brikke.

Eldrerådet foreslår følgjande til referansegruppa:

Forslag til medlem i referansegruppa,, foreslått av Grethe Leikny Gjerde, Råd/utval
Kari Grindvik.

Forslag til vara/sparringpartner, fremma av, foreslått av Martin Berg, Fremskrittspartiet
Unni Kristin Wiik.

Votering:

Det vart røysta over forslaget til Kari Grindvik: samrøystes vedtatt.

Det vart røysta over forslaget til Grethe Leikny Gjerde: samrøystes vedtatt.

Det vart røysta over forslaget til Martin Berg: samrøystes vedtatt.

034/24 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**Vedtak:**

Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne tar saka til orientering. Rådet takker for tidlig orientering og ønsker å bli informert vidare.

Behandling:

Forslag fremma av, foreslått av Thor Hansen, Ålesundlista

Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne tar saka til orientering. Rådet takker for tidlig orientering og ønsker å bli informert vidare.

Votering:

Forslaget frå Thor Hansen samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Rådet tek saka til vitande.

Rådet gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Saksgang:

Det vert sendt likelydande orienteringssak til dei 3 medverknadsorgana, frå no kalla råda. Tilsvarande sak vert handsama i alle kommunedelsutvala.

Samandrag:

Kommunedirektøren orienterer råda om prosessen med utarbeiding av kulturplan. Råda vert invitert til å bidra i planprosessen etter planen som er skissert i saka, der ein tidleg i 2025 legg opp til at råda kan kome med innspel til kulturplanen. Denne saka er også ei kort orientering om planprogram og opplegg for medverknad frå det store kulturfeltet.

Saksopplysningar:

Arbeidet med ein kulturplan for Ålesund kommune 2025 - 2035 vart vedteke starta opp i mai 24. Hovudutval for kultur og oppvekst vedtok 13.06.24 eit planprogram. Dette ligg ved saka. Planprogrammet seier noko om tidsplan for arbeidet, tema og innhald i planen og medverknad.

Om planprogrammet

Innleiingsvis set kommunedirektøren kulturplanen inn i ein større samanheng, der dette planarbeidet er med på å nå mål og strategiar som er sett for kommunen si verksemd i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vidare i kapittel 2 og 3 set ein rammene for planarbeidet. Det overordna innhaldet i planen vert vist i kapittel 4. Planen er eit politisk dokument som skal innehalde verkemiddel/tiltak. Arbeidet skal vere kunnskapsbasert og ein skal arbeide med planen i samhandling med aktørane i feltet. Kapittel 5 avgrensar tema i planen og viser aktørane kva ein kan forvente at planen handlar om. Planen er eit styringsdokument for Ålesund kommune. Kapittel 6 viser tydeleg kva aktørar som er sentrale i utarbeiding av planen, både administrativt og politisk. Kommunedirektøren legg vekt på samhandling internt i kommuneadministrasjonen mellom relevante verksemdar. Kapittel 9 viser samhandling mellom ulike planar og strategiar i Ålesund kommune

Medverknad i planarbeidet

Arbeidet med kulturplanen konsentrerer seg no omkring kapittel 7, medverknad, og kapittel 8, tidsplan, i planprogrammet. Dette i tillegg til å strukturere den kunnskapen vi har om kultur i Ålesund i dag. Medverknadsprosessen vil også skape ny kunnskap frå aktørane i feltet.

Det er avgjerande for planarbeidet at medverknadsprosessane vert godt og grundig planlagt slik at kulturfeltet får kome med sin kunnskap om kulturlivet i Ålesund og at ein avdekkar behov og moglegheiter for utvikling. Det er også viktig for planarbeidet at kommunen tydeleg signaliserer kva felt kulturplanen vil omhandle, kva føremålet med planen er og forventningar til og mellom aktørane i kulturfeltet.

Det er ca. 550 registrerte lag og organisasjonar i Ålesund med eit føremål som er dekkja av kulturplanen. Alle desse kan ikkje nemnast i eit opplegg for medverknad, men ein open medverknadsprosess gjennom fleire planfasar vil sikre at alle kan delta. Men kommunen er avhengig av at organisasjonane sjølve er proaktive og inviterer seg sjølv med. Dette skjer gjennom å melde seg på møter og å sende innspel til høyringsprosessane. Kommunen vil bruke alle tilgjengelege informasjonskanalar for å informere om prosessen.

Det er også viktig at dei formelle organa i Ålesund kommune vert involvert i prosessen. Dette gjeld både medverknadsorgana; eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet samt kommunedelsutvala.

Tidslinje for medverknad

Det er laga ei tidslinje som viser planlagt involvering. Denne ligg ved. Hovudtidslinje i arbeidet (nr 1), som går frå vedtak om oppstart 15.05.24 til eit antatt vedtak av plan i september 25.

Tidsplan nr. 2 viser kva politisk organ som er involvert i planarbeidet til ei kvar tidspunkt. Tidsplan nr. 3 viser i kva deler av planarbeidet aktørane ute i kommunen vert involvert i planarbeidet. Her ser vi at hovudtyngda av medverknadsarbeid går føre seg frå oktober til februar.

For råda så viser tidslinja at kommunedirektøren orienterer om oppstart i september. Om råda ønskjer det kan ein organisere eit innspelsmøte tidleg i 25 og ein kan orientere om framlegget til plan før det vert sendt på høyring.

Vurderingar:

Kommunedirektøren orienterer om planarbeidet der ein ønskjer å involvere råda. Det vert lagt fram eit forslag til korleis involvering vil skje, her kan det ulike rådet kome med innspel til korleis ein ønskjer å bli involvert.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Arbeidet med kulturplan vert dekkja innan kommunalområdet sine ressursar.

Konklusjon med grunngiving:

Råda er orientert om saksgangen i utarbeiding av kulturplanen og kommunedirektøren inviterer rådet til å delta i planprosessen etter nærare avklaringar.

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør